



Anny Helene Mathisen
Fosse 127
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2625 - 16/20515

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:
27.10.2016

Godkjenning av søknad om fritak for gjødselålan på GBNR 25/12 på Fosse

Administrativt vedtak. Saknr: 349/2016

Saksutgreiing:

Anny Mathisen har 8. september 2016 søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift. Drifta er 2 ammekyr og 4 kalvar/ungdyr. Bruket har 24 daa fulldyrka, 14 daa overflatedyrka og 25 daa innmarksbeite. Husdyrgjødsel vert spreidd som gylle på innmarka, og i tillegg vert det kjøpt inn 250 kg med 18-3-15 som vert spreidd på alt jordbruksarealet. Arealet som vert spreidd gylle på er justert i høve til kva som er mogleg å nå frå veg.

Åreleg tilført næringsstoff p.r daa /år på slåttearealet				Kg Nitrogen	Kg Fosfor	Kg Kalium	Sum gjødsel	
Kg	Gjødselslag	Totalt areal	Kg pr. daa					
250	18-3-15	60	slåttemark	4	0,7	0,1	0,6	250 kg
48	gylle storfe	48	slåttemark	1	1,5	0,4	2	48 m3
Sum					2,2	0,5	2,6	0

Normgjødsling i vårt område p. r daa/år er 22 kg nitrogen, 2 kg fosfor og 10 kg kalium

Vurdering

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera for kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50 % av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling for både nitrogen, fosfor og kaliumgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (1,2 etter frådrag for beitetid) og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har difor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødsel plan i 5 år. Det er viktig at ein tek omsyn til Fosse-elva når det vert spreidd som gylle på slåtteareala, slik at ein ikkje får avrenning av næringsstoff til elva.

Vedtak

”Meland kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 1.11.2021 for gnr. 25, bnr. 12, då bruket er ekstensivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Anny Helene Mathisen

Fosse 127

5918

FREKHAUG